

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Fonna HF  
**DATO:** 22.03.22  
**SAKSHANDSAMAR:** Olav Klausen  
**SAKA GJELD:** **Styringsdokument for Helse Fonna HF 2023**

**STYRESAK:** 25/23

**STYREMØTE:** 18.04.23

1 vedlegg .....

### FORSLAG TIL VEDTAK

Styret i Helse Fonna HF tar styringsdokumentet for Helse Fonna HF 2023 til etterretning

## Bakgrunn for saka

Helse Vest RHF utøver si eigarstyring av Helse Fonna HF gjennom vedtak i føretakstmøte jf Helseføretakslova § 16.

Styret i Helse Vest RHF vedtok styringsdokumenta til helseføretaka i styremøte 15.02.23, og det vart gjennomført føretakstmøte i Helse Fonna HF 16.02.2023. Styringsdokumentet for 2023 for Helse Fonna vart vedteke i føretaksmøtet.

## Overordna føringar og hovudmål

Gjennom styringsdokumentet gir Helse Vest RHF helseføretaka styringsoppdrag for 2023. Styringsdokumentet klargjer premissane og rammene som gjeld for verksemda, og inneheld mål, oppgåver og resultatkrav til helseføretaka. Helseføretaka må og gjere seg kjend med dei overordna føringane og styringsbodskapet i oppdragsdokument til Helse Vest RHF for 2023 og krav i føretaksprotokollar i 2023.

Hovudmåla til regjeringa er å vidareutvikle og styrke den felles helsetenesta vår og motverke sosiale og økonomiske helseforskjellar. Det overordna målet til regjeringa er:

- God helse og meistring i befolkninga, uavhengig av sosial bakgrunn
- Gode pasientforløp og rask tilgang til tenester i heile landet
- Helse- og omsorgstenesta er ein attraktiv arbeidsstad i eit livslangt karriereløp
- Berekraftig og rettferdig ressursbruk
- Helse- og omsorgssektoren er førebudd i møte med kriser og katastrofar

Helseføretaket skal utføre pålagte oppgåver og gjennomføre styringskrava innanfor dei rammer og ressursar som er stilt til rådvelde. Midlane skal nyttast på ein effektiv måte og slik at dei kjem pasientane til gode.

Helseføretaka skal innrette verksemda si med sikte på å nå følgande hovudmål i 2023:

1. Styrke psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling
2. Styrke forskning, innovasjon og kompetanse og forbetre kvalitet og pasienttryggleik
3. Rask tilgang til helsetenester og samanhengande pasientforløp

Styringsdokumenta beskriv oppgåver som helseføretaka og Helse Vest IKT AS skal prioritere i 2023. Desse oppgåvene må sjåast i samanheng med mål, rammer og retningslinjer for helsetenesta jf. lover og forskrifter, Helse- og omsorgsdepartementet sitt oppdragsdokument for 2023 til Helse Vest RHF, og styringskrav formidla i føretaksmøtet i Helse Vest RHF 17. januar 2023, i tillegg til tidlegare gitte styringskrav. Det blir lagt til grunn at helseføretaka er godt kjende med desse dokumenta, samt helse- og omsorgsministeren sin tale til sjukehusa den 17. januar 2023. I styringsdokumenta blir ikkje krav og føringar frå tidlegare år gjenteke med mindre det frå ein eigarståstad framleis er nødvendig å ha eit særskild fokus på kravet

eller føringa. Eldre krav og føringar vil likevel framleis gjelde dersom ikkje noko anna er uttrykkeleg uttala.

### **Årleg melding**

I medhald av helseføretakslova § 34 skal Helse Vest RHF sende ei årleg melding til Helse- og omsorgsdepartementet innan 15. mars 2024.

Helseføretaka skal sende ei tilsvarande årleg melding til Helse Vest RHF innan 15. januar 2024. Meldinga er med på å danne underlag for Helse Vest RHF si melding til departementet. Det skal rapporterast på alle mål og oppgåver for 2023 i styringsdokumentet. I løpet av hausten 2023 blir det sendt ut ein mal for årleg melding som helseføretaka skal bruke. I malen vil helseføretaka bli bedne om å rapportere om tiltak som er gjennomførte for å nå måla for alle styringsparametrane, sjå vedlegg 1.

Meldinga er eit ledd i eit samanhengande plan- og styringssystem mellom Helse Vest RHF og helseføretaka, og skal i tråd med § 13 i vedtektene til helseføretaka innehalde styret sin rapport for det føregåande året som er ein rapport om korleis styringsmål- og resultatkrav, slik dei går fram av styringsdokumentet, er følgde opp.

### **Vedlegg**

Styringsdokument for Helse Fonna HF 2023